

# Bolaks Group-konsernet sine varsemdivurderingar 2025

## 1. Bakgrunn

Bolaks Group AS med dotterselskap følgjer lov om openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold (openheitslova), som pålegg større verksemder å gjennomføra varsemdivurderingar. Målet er å unngå negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i leverandørkjeda for verksemda.

Varsemdstandarden i openheitslova byggjer på FNs retningsgivande prinsipp for ansvarleg næringsliv og menneskerettar (UN Guiding Principles – UNGP) og Organisation for Economic Co-operation and Development (OECD) sin rettleiar for varsemdivurderingar for ansvarleg næringsliv. For å oppfyllova og desse internasjonale standardane, må verksemdene gjennomføra ein prosess for varsemdivurderingane som inneber å:

- a. forankra ansvarskjensle i retningslinjene for verksemda.
- b. kartleggja og vurdere faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som verksemda anten har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt til forretningsverksemda for verksemda, produkt eller tenester gjennom leverandørkjeder eller forretningspartnarar.
- c. setja i verk eigna tiltak for å stansa, førebyggja eller avgrensa negative konsekvensar basert på prioriteringane og vurderingane for verksemda.
- d. følgja med på gjennomføring og resultat av tiltak.
- e. kommunisera med ramma interessentar og rettshavarar om korleis negative konsekvensar er handtert.
- f. sørgja for eller samarbeida om oppretting og erstatning der dette er påkrevd.

Openheitslova spesifiserer at varsemdivurderingane skal utførast regelmessig og stå i forhold til storleiken på verksemda, arten for verksemda, konteksten verksemda finn stad innanfor, og alvorgraden av og sannsynet for negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. ([Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold \(åpenheitsloven\) - Lovdata](#)).

I tråd med formålet om å fremja større openheit om risiko for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, er verksemder omfatta av dette regelverket pålagt å offentleggjera ei orientering om varsemdivurderingane. Denne skal minst innehalda:

- a. ei generell skildring av organiseringa av verksemda, driftsområde, retningslinjer og rutinar for å handtera faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.
- b. opplysningar om faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar som verksemda har avdekt gjennom varsemdivurderingane sine.
- c. opplysningar om tiltak som verksemda har sett i verk eller planlegg å setja i verk for å stansa faktiske negative konsekvensar eller avgrensa vesentleg risiko for negative konsekvensar, og resultatet eller forventa resultat av desse tiltaka.


Dette dokumentet er utarbeidd for å oppfyllova konsernet sine plikter til å gjera greie for varsemdivurderingane. Dokumentet vil oppdaterast og offentleggjerast årleg innan 30. juni (krav frå og med 2023). Det vil òg oppdaterast ved vesentlege endringar i risikovurderingane for verksemda.

## 2. Vår tilnærming til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold

AS Bolaks vart stifta 18.12.1975 av brørne Reidar, Trygve og Egil Holmefjord. Tidleg på 70-talet starta dei med 50 laks i to små merdar ved kaien til faren deira, Einar Holmefjord. Konsernet har si hovudverksemd i og rundt Bjørnafjorden i Vestland. Bolaks Group AS driv integrert produksjon av atlantisk laks. Vi har ti oppdrettskonsesjonar, to stamfiskkonsesjonar og eit landanlegg med rognproduksjon. Hovudkontoret ligg i Eikelandssosen, og vi opererer berre i det norske marknaden.

### 2.1 Organiseringa av verksemda

Gjennom åra har AS Bolaks utvikla seg til eit moderne selskap med fleire ulike eigarinteresser i selskap som spring ut frå kjerneverksemda. Konsernet Bolaks Group AS består av fleire dotterselskap, mellom anna AS Bolaks, Bolaks Sjø AS og AS Sævareid Fiskeanlegg. Bolaks Land AS er eit selskap med konsesjon for landbasert produksjon av 10 000 tonn laks ved Samnøy industriområde. Konsernet skal halde fram med å produsere sunn, god og trygg mat, med fokus på effektiv drift, fiskehelse og fiskevelferd, kvalitet og sporbarheit. Vi skal òg vere medvitne om vårt miljø- og samfunnsansvar. Det er flott å få vere med og skrive vidare på den fantastiske historia om norsk lakseoppdrett!



Figur 1: Organisering av Bolaks Group AS.

Konsernet har etablerte etiske retningslinjer som mellom anna seier at verksemdene i konsernet skal følgje alle lover og forskrifter dei er regulerte av. Selskapa respekterer og støttar arbeidstakarane si rett til å organisere seg, legg til rette for at klager kan fremjast utan frykt for represaliar, og anerkjenner sitt ansvar i tråd med ILO-konvensjonane. Dette er også forankra i fleire andre prosedyrar og rutinar i styringssystemet til konsernet. Dette er i tråd med del 1 av prosessen for aktsomheitsvurderingar, jf. figur 2.

Bolaks Group vart i 2026 kjøpt opp av Alsaker AS, ein del av Meidell-konsernet. Meidell driv innan eigedom, finans, marine tenester, landhandel, og ikkje minst hovudmotoren Alsaker Fjordbruk med fire settefiskanlegg, fire matfiskselskap, slakteri, reinsefiskanlegg, baseselskap, servicebåtselskap og brønnbåtreiarlag. Frå 2026 vil og Bolaks integrerast som ein vesentleg del av Alsaker. Konsernet vil til saman ha over 25 000 tonn MTB i PO2 og PO3 og vil utgjere ein sterk lokaleigd oppdrettsaktør med god forankring i mange lokalsamfunn på Vestlandet. Produksjonspotensialet til det samla konsernet vil overstige 50 000 tonn.

### 2.2 Driftsområde

Aktiviteten i Bolaks Group AS går føre seg i Bjørnafjorden kommune. Administrasjon og hovudkontor ligg på Lammaneset i Bjørnafjorden kommune.

Konsernet har interne rutinar og retningslinjer som skildrar korleis intern varsling av kritikkverdige forhold kan gå føre seg, og korleis slike varsel skal handterast. Klager eller varsel frå eksterne vert meldt inn gjennom ulike kanalar, anten direkte til kontaktpersonar i verksemda, via e-postadressa [bolaks@bolaks.no](mailto:bolaks@bolaks.no), munnleg til våre tilsette eller gjennom varsling/klager til sektormyndigheiter. Alle slike tilbakemeldingar skal registrerast og handterast i avviksmodulen i konsernet sitt styringssystem, i tråd med gjeldande [prosedyre for avvikshandtering](#).

Alle verksemdene i konsernet er lokaliserte i Noreg, eit land som vert rekna for å ha låg risiko når det gjeld tvangsarbeid, miljøpåverknad, brot på menneskerettar, korrupsjon og barnarbeid.

Av konsernet sine 116 fast tilsette er det 27 kvinner. Det er i tillegg 10 lærlingar, herav 3 kvinner. Konsernet si administrative leing er sett saman av 8 personar. Konsernet jobbar for diversitet og like mogelegheiter, uavhengig av faktorar som kjønn, alder, etnisitet, religiøs eller kulturell bakgrunn. Likestilling og mangfald er utgangspunkt for arbeidstilhøvet, herunder rekruttering, gjennomføring av arbeidsoppgåver, opplæring og vidareutvikling, løn og arbeid. Begge kjønn stiller likt ved tilsetjing og når det gjeld høve til vidareutdanning og avansement. Styret er (frå 2026) sett saman av 3 medlemmer (menn).

Bolaks Group AS har som mål at diskriminering ikkje skal finne stad. Me har i dag eit mangfald i arbeidsstokken, både med omsyn til alder, kjønn og etnisitet. Arbeidsmiljøet i selskapet blir vurdert som godt, og det er ikkje motteke tilbakemeldingar om at nokon opplever personalpolitikken til selskapet som kjønnsdiskriminerande.

### **3. Retningslinene og rutinane våre for å handtera risiko knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold**

Ansvarleg drift og det å bidra positivt til samfunnet me er ein del av, er kjerneverdier for oss. Verksemda vår skal vera i tråd med internasjonale standardar for menneskerettar, samt for anstendige arbeidsforhold. Verksemda vår følgjer FN sine retningsgivande prinsipp for ansvarleg næringsliv og menneskerettar og OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv.

Vår overordna tilnærming for å oppfylle forpliktinga vår til å respektera grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold blir styrt gjennom våre etiske retningslinjer som omfattar menneskerettar og anstendige arbeidsforhold både i vår eiga verksemd og i leverandørkjeda vår.

Me følgjer norsk lovverk for helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen og for likestilling og fråvær av diskriminering.

Me forventar det same av leverandørane og forretningspartnarane våre som me krev av oss sjølv – at alle tilsette og andre som er involvert i verksemda og verksemda sine aktivitetar blir behandla med respekt og verdigheit.

Me forventar at leverandørane og forretningspartnarane våre sjølv opptre med seriøsitet og varsemd for å unngå skadar og negative konsekvensar for menneske.

Alle leverandørane våre skal leva opp til internasjonale menneskerett-standardar og ILO sine kjernekonvensjonar for anstendige arbeidsforhold. Denne forventninga kommuniserer me gjennom vår leverandørerklæring.

I tråd med openheitslova, gjennomfører me varsemdvurderingar for eiga verksemd og leverandørkjede, gjer årleg offentleg greie for varsemdvurderingane og svarer på informasjonsførspurnader om korleis me jobbar for å sikra respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjonen av produkta våre.

## 4. Negative konsekvensar og vesentleg risiko avdekte gjennom varsemndvurderingane våre – og tiltaka våre for å avgrensa risiko

Bolaks Group AS gjennomfører jamlege risikovurderingar knytt til negative konsekvensar og risiko for menneske knytt til verksemda. Me har ikkje avdekt negative konsekvensar gjennom risikovurderingane eller varsemndprosessen for øvrig.

### 4.1 Vesentlege risikoområde i vår eiga verksemd og tiltak for å avgrensa risiko

Den mest framstående risikoen for negative påverknader på livet til individ, tryggleik, helse, trivsel og verdigheit i verksemda vår er potensielle skadar som kan ramma tilsette i samband med arbeid.

Risikovurderinga vår knytt til HMS har avdekt at dei mest kritiske potensielle konsekvensar er fall- og klemskadar, samt eksponering for kjemikalie/gass. Me jobbar systematisk i samarbeid med tilsette, verneombod og ekstern ekspertise for å hindra at slike skadar skal oppstå, gjennom rutinane våre for HMS. Desse er nærare beskrevne i internkontrollsystemet vårt. Alle avvik blir følgt opp. Me har årleg revisjon av at internkontrollsystemet følgjer krava til styresmaktene, og me rapporterer årleg om HMS-status.

### 4.2 Vesentlege risikoområde i leverandørkjeda

Konsernet har omlag 700 leverandørar med smått og stort, i all hovudsak norske.

Me har gjennomgått dei av våre leverandørane som me av omfang til storleik er forholdsmessig og vesentleg inn mot produksjonen vår, og vurdert risikoen for brot i leverandørkjeda vår. Generelt vurderer me risikoen for brot til å vera låg. Me kjenner leverandørane våre godt gjennom etablerte partnerskap over ein lang periode og leverandørane har mottatt skjema for egenerklæring som beskriv kva me forventar av våre leverandørar.

Risikokartlegginga har ikkje utløyst behov for å innhenta ytterlegare dokumentasjon frå enkeltleverandørar. Me har regelmessig dialog med leverandørane våre og kommuniserer tydeleg forventningane våre knytt til HMS, anstendige lønnsforhold, fagforeiningsfridom og arbeid mot alle former for diskriminering, også med omsyn til likestilling mellom kjønna. Me vurderer risikoen for moderne slaveri i leverandørkjeda vår som låg, men har fokus på problemstillinga og vil setja inn tiltak dersom situasjonen endrar seg.

Bolaks Group AS har to hovudleverandørar av fôr til oppdrettslaksen. Dette er EWOS AS og Biomar AS. Begge selskapa er store, seriøse aktørar som sjølv har forplikta seg til grunnleggjande menneskerettsstandardar og anstendige arbeidsforhold. Dei er omfatta av sertifiseringsordninga Global GAP som også omfattar sosial ansvarlegheit. Meir informasjon om dette arbeidet finn du i deira «Code of Conduct».

Fôrproduzentane har stort fokus på å redusera risiko langs heile verdikjeda gjennom eigne forpliktingar, sertifiseringar, forventningar og krav til leverandørar – og sine eigne varsemndsvurderingar. Selskapa jobbar aktivt med problemstillingar knytt til menneskerettar, miljømessige standardar, råvareopphav, antikorrupsjon, slaveri og tredjepartsrisiko. Fôret me nyttar i alle delar av vår verdikjede er ProTerra-sertifisert og garantert avskogingsfritt. Meir enn 50 % av innhaldet er basert på biprodukt, og elles basert på råvarer godkjent av MarinTrust. Risikoen for brot knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda for produkta våre per i dag vurdert til å vera låg.

#### Code of Conduct:

Cargill: [guiding-principles-no.pdf \(cargill.com\)](#)

Skretting: [Skretting - bærekraftsrapportering - Skretting](#)


### 4.3 Tiltak for å avgrensa risiko i leverandørkjeda

Gjennom dei etiske retningslinjene våre for leverandørar kommuniserer me tydeleg forventninga om at leverandørane våre følgjer UNGP, OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv og ILOs kjernekonvensjonar for anstendige arbeidsforhold. Leverandørane våre skal krevja det same av leverandørane sine. Dersom det blir oppdaga brot på menneskerettar og grunnleggjande standardar for anstendig arbeid hos ein leverandør eller underleverandørar, eller vesentleg risiko for slike brot, skal me informerast omgåande. Dersom det blir avdekt potensielle eller faktiske brot i leverandørkjeda, følgjer me opp gjennom dialog med den aktuelle leverandøren og aktuelle interessentar, som fagforeining. Brot som ikkje blir adressert innan rimeleg tid, kan føra til at kontrakt blir suspendert eller blir terminert. Samtidig støttar me opp om arbeidet for auka openheit og bekjemping av menneskerettsbrot i globale leverandørkjeder, der samarbeid mellom bransjeorganisasjonar, styresmakter og sivilsamfunn spelar ei nøkkelrolle.

## 5. Implementering

Bolaks Group AS implementerer forpliktinga vår til grunnleggjande menneskerettar i tråd med «varsemindhjulet» for ansvarleg næringsliv, tilrådd av OECD og som peika på i openheitslova. Dette inneber at:

- Øvste ansvar ligg hos selskapsleiinga og styre.
- Forpliktingane og tilhøyrande policy blir forankra i styringssystema og rutinane til selskapet.
- Alle tilsette blir gjort merksam på forpliktingane våre og rolla si i å bidra til gjennomføring.
- Vi gjennomfører varsemdivurderingar for leverandørkjeda vår og krev det same frå leverandørane våre.
- Vi etablerer rutinar for regelmessige varsemdivurderingar og rapportering i tråd med openheitslova
- Vi følgjer opp informasjon om negative konsekvensar og vesentleg risiko for tilsette og andre ramma av verksemda vår.
- Etterlevinga av vår policy for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold blir gjennomgått årleg.



Figur 2: Prosess for aktsomhetsvurderingar. OECD. OECD Guidelines for Multinational Enterprises. OECD Publishing, 2023. <https://doi.org/10.1787/9789264033979-en>, s. 21.

## 6. Resultatet av varsemdvurderingane

Bolaks Group AS har ikkje avdekket brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold siste år. Verksemda har heller ikkje avdekket vesentleg risiko for brot/negative konsekvensar. Gjennom stadig kontakt med våre største leverandørar kan me konstatere at dei har gode rutinar og kan dokumentere at dei følgjer lover og reglar.

### 6.1 Oppretting og erstatning

Verksemda har ikkje avdekket tilfelle siste år som krev oppretting eller erstatning.

## 7. Kontakt

For spørsmål om denne forklaringa og tilnærminga vår til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, kontakt selskapet på E-post: [openheitslova@fjordbruk.no](mailto:openheitslova@fjordbruk.no).

Lammaneset XX.06.2026

-----  
**Grunde Bruland**  
styreleiar

-----  
**Gerhard Meidell Alsaker**  
styremedlem

-----  
**Helge M. Nesse**  
styremedlem

 **bankID signering**

Signer name: Grunde Bruland  
Title:  
Signed on behalf of:  
Signed time: 6/17/2026 3:26:30 PM  
Signed Document ID: 69de0ad9-4f6a-f111-a826-002248a29e69

 **bankID signering**

Signer name: Helge Mandius Nesse  
Title:  
Signed on behalf of:  
Signed time: 6/17/2026 4:48:32 PM  
Signed Document ID: 69de0ad9-4f6a-f111-a826-002248a29e69

 **bankID signering**

Signer name: Gerhard Meidell Alsaker  
Title:  
Signed on behalf of:  
Signed time: 6/17/2026 3:40:19 PM  
Signed Document ID: 69de0ad9-4f6a-f111-a826-002248a29e69

Document ID 69de0ad9-4f6a-f111-a826-002248a29e69



Document ID 69de0ad9-4f6a-f111-a826-002248a29e69 is signed by using Avoki IT AS built in module for electronic signing using Norwegian BankID. Each signer's signed PAdES (PDF Advanced Electronic Signature) is non editable after it has been signed. This document is a verification by Avoki IT AS that all signers has signed Document ID 69de0ad9-4f6a-f111-a826-002248a29e69. By request the signed PAdES document can be provided.

See <https://www.bankid.no/> and [PAdES - Wikipedia](#) for more information